

# Administrativt samhandlingsutval

## Sunnmøre

Protokoll 4/2013

Møtedato: onsdag 13.11.13., kl. 10.00-14.00

Til stades:

	<b>Representantar Helseforetaket</b>		<b>Vara</b>
	Torstein Hole	X	Mona Ryste
	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
	Knut Nautvik	X	Bjørn Magne Jåtun
	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
	Robert Giske		

		<b>Representantar kommunane</b>		<b>Vara</b>
X	SRR	Ottar Grimstad, Hareid		Karsten Vingen, vara
	SRR	Solveig Årø, Haram		Kjartan Lied, Stranda
	SRR	Kjetil Fyelling, kommunalsjef, Sula		Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
X	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy		Marit Botnen

		<b>Representantar vertskommunane</b>		<b>Vara</b>
X	Ålesund	Håvard Overå		Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre, Regionråd		Jorunn Anne R. Tomasgard, Volda

	<b>Representant fastlegane:</b>		<b>Vara</b>
X	Stian Endresen, Ulstein legekantor		Arne Morterud, Giske legekantor

		<b>Representantar Fagforeiningane:</b>		<b>Vara</b>
X	Fagforbundet	Torunn Hoel		Ivar Østrem
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune		Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune		Åse Vegsund, Sula Kommune
	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus	X	Kaspara Nettet Tørten, Ålesund, sjukehus, vara

	<b>Brukarrepresentant:</b>		<b>Vara</b>
X	Ingrid Løset, Sunnmøre		Jakob Strand, Sunnmøre

X	Helse Møre og Romsdal HF	Britt Valderhaug Tyrholm		Samhandlingssjef
X	Helse Møre og Romsdal HF	Randi S Ramnefjell		Sekretær

**Sakliste:**

- Sak 2013/16 Godkjenning av innkalling og saksliste.
- Sak 2013/17 Reforhandlingar/evaluering av samarbeidsavtala mellom Helse Møre og Romsdal og kommunar
- Sak 2013/18 Retningslinjer for informasjon om utarbeiding av individuellplan mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.
- Sak 2013/19 Ny turnuslegeordninga – endring av tilsettingsprosess og samarbeid med kommunane
- Sak 2013/20 Samansetning av det administrative samhandlingsorganet for Sunnmøre  
Forslag til møtedatoar for 2014.
- Sak 2012/18 Felles kompetanse og rekrutteringsplan
- Sak 2013/22 Orienteringssaker
- Sak 2013/23 Eventuelt.

**Fråvær:** Janita Skogeng, Håvard Overå, Toril Skrede Heltne, Kjartan Lied, Torstein Hole, Knut Nautvik, Kari Standal, Robert Giske

Ingrid Løset kom kl 10:30. Manuela Strauss gjekk kl 11:45. Stian Endresen gjekk kl 13:50

**Endringar i sakslista:** Sak 2013/22 Orienteringssaker inngår i sak 2013/23 Eventuelt

**Sak 2013/16 Godkjenning av innkalling og saksliste.**  
Godkjent

**Sak 2013/17 Reforhandlingar/evaluering av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal og kommunar**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om reforhandlingar/evaluering av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og

Romsdal og kommunar. Det nye utvalet har hatt et møte, 16.oktober. Det er avsett to dagar til det vidare arbeid. Det siste møte blir 03. desember 2013. Vidare forløp i utvalet vil bli tatt opp i møte til overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal 15. januar 2014.

Utvalet består av følgende medlemmar: Arne Gotteberg - Sunnmøre Regionråd, Arild Kjersem - ROR Romsdal Regionråd, Olaug Haugen, - Orkidi - Nordmøre Regionråd, Olav Årø - kommuneadvokat, Robert Giske - spesialrådgivar HMR, Britt Valderhaug Tyrholm - samhandlingsjef HMR, Kari Samdal - Brukarrepresentant, Ann Sissel Misund Nedberg - KS og Anniken Standal Remseth - sekretær for arbeidet HMR.

Frist for forslag om endringar av avtaleteksten var satt til 1. oktober. Forhandlingsutvalet arbeider nå med de innkomne forslag til justeringar og endringar av avtalen. Vedlagt følgjer ein disposisjon over utvalets arbeid.

Saka leggst fram for administrativt samhandlingsorgan for Sunnmøre til orientering, då det er viktig at representantane i utvalet har samhandlingsavtalen godt ”under huda”, og aktivt deltakande i prosessen.

Praksiskonsulenten har begrensa med tid, og disponering av denne har vore tema i Helseføretaket. Det er heimla i samhandlingsavtalen at praksiskonsulenten skal vere deltakande på møta i utvalet, og utvalet føreheld seg til det.

#### **Protokoll:**

Det vert lagt fram at praksiskonsulent skal vere fast med i møte med Administrativt Samhandlingsutval Sunnmøre heretter.

#### **Forslag til vedtak:**

Det vart vist til samhandlingsavtalen om at praksiskonsulent skal vere fast med i møte med Administrativt Samhandlingsutval Sunnmøre.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek saka Reforhandlingar/evaluering av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal og kommunar til orientering.

**Sak 2013/18**

#### **Retningslinjer for informasjon om utarbeiding av individuell plan mellom kommunar i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal**

Saka var meldt inn av samhandlingssjefen, men ho måtte forlate møtet pga beredskapsøvelse. Ho sa at saka kunne flyttas til neste møte, men utvalet fann det hensiktsmessig med ein liten gjennomgang av faktaopplysningar, slik at medlemmane kunne møte betre budde til neste møte.

Det vart tatt opp nokre punkt vedrørande den ovannemnte saka. Saka må takas til orientering og det må kartleggast kor dette skal behandlas, ein bør ha ein plan over behandlinga framover. Saka må takas opp i neste møte slik at ein kan få ta stilling til innhaldet i dette. Det vart og foreslått at det bør vere ei arbeidsgruppe som utarbeidar desse sakane.

### **Forslag til vedtak:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek saka om retningslinjer for informasjon om utarbeidelse av individuell plan mellom kommuner i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF til førebels orientering, og tek saka att på neste møte.

**Sak 2013/19**

### **Ny turnuslegeordninga – endring av tilsettingsprosess og samarbeid med kommunane**

Ottar Grimstad orienterte kort om bakgrunnen rundt turnuslegeordning - endring av tilsettingsprosess og samarbeid med kommunane.

Det var brei diskusjon rundt diverse områder til turnuslegeordninga og praksiskonsulentar si stilling opp i mot helseforetaket og kommunane. Ein ser behov for fleire plassar i kommunane og ber om at overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek saka til vidare for behandling. Dette er viktig for den framtidige rekrutteringa av legar.

### **Vedtak til protokoll:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre sender saka vidare til overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal for vidare behandling og oppfølging.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek saka til orientering.

**Sak 2013/20**

### **Samansetning av det administrative samhandlingsorganet for Sunnmøre - Forslag til møtedatoar for 2014.**

#### **Saksutgreiing:**

Ein viser til samhandlingsstrukturen som er eit av dei punkt som vert diskutert i tilknytning til reforhandling/evaluering av samarbeidsavtala mellom helseforetaket og kommunane.

Ein utsetter difor å etterspørje regionråd vedrørende nyoppnemning av medlemmar inntil saken om eventuelle endringar i struktur er avklart.

Forslag til møtedatoar for Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre:

Onsdag 19. februar 2014

Onsdag 07. mai 2014

Onsdag 10. september 2014

Onsdag 05. november 2014

#### **Votering:**

Under saka kom det framlegg frå tillitsvalgte om å opne sak 17 igjen for å kunne diskutere samansetninga av utvalet. Det vart stemt om saka skal åpnas. Dei stemmeberettiga var samstemte i at saka vart slik som den står.

### Vedtak til protokoll:

Det administrative samhandlingsorganet for Sunnmøre tilrår at ein avventar nyutnemning av representantar i henhold til vedlegg 12, punkt 4.3 i samarbeidsavtalen, i påvente av avklaring om eventuell endring i samhandlingsstrukturen i Hels Møre og Romsdal HF.

Samhandlingsorganet tilrår at dei som er oppnemnt pr i dag, møter i og at det ikkje oppnemnes nye medlemmer før ny samhandlingsstruktur er opparbeida. Kopi av dette vedtaket vert sendt til Sunnmøre Regionråd i påvente av evt ny beskjed om at dei vel å ikkje kunne slutte seg til dette. Kopi går også til administrativt samhandlingsutval for Nordmøre og Romsdal samt til overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal.

Det administrative samhandlingsorganet for Sunnmøre planleggas til følgjande datoar:

Onsdag 19. februar 2014 – flyttas til 12. februar 2014

Onsdag 07. mai 2014 – flyttas til 30.april 2014. – **Då leiar Janita Skogeng ikkje kan møte 30.04.14., vil ny innkalling bli sendt ut.**

Onsdag 10. september 2014

Onsdag 05. november 2014

### Sak 2012/18

### Felles kompetanse og rekrutteringsplan

Administrativt Samhandlingsutval Sunnmøre arbeider med oppfølging av felles kompetanse og rekrutteringsplan. Det vart på møtet 04.09.13., bestemt at det skulle nedsettas ei arbeidsgruppe bestående av:

Ragnhild Velsvik Berge

Stian Endresen

Mona Ryste

Saka vart no fremja som drøftingssak og Ragnhild Velsvik Berge gjekk igjennom dei emneområda som det er forslag om å ta inn i det vidare planarbeidet:

- Demens
- Palliasjon
- Rehabilitering
- Legemiddel
- Ø-Hjelp døgn

Det vart lagt fram forslag på systematisering av planarbeidet

Mål	Strategi	Tiltak
-----	----------	--------

Utvalet slutta seg til denne måten å arbeide på.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre ynskjer at gruppa skal arbeide vidare framover med dette, og gir rom for å kome tilbake med saka som drøftingssak.

- Behov for styrka sekretariatfunksjon som kan fungere saksretta i forkant og i forhold til etterarbeid. Det var enighet om at det er ei utfordring rundt Sak 2013/18 Retningslinjer for informasjon om utarbeiding av individuell plan mellom kommunar i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal

**Vedtak til protokoll:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek orienteringssak til vitande.